



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Sal, 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 28.03.2019
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 42/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 43/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 44/19	Volda tunnel – Samferdselspakke
PS 45/19	Utskriving av særskilt skattegrunnlag grunna lovendring i eigedomsskattelova

PS 42/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 43/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Amdam

Arkivsak nr.: 2016/551

Arkivkode: 026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/19	Formannskapet Kommunestyret	28.03.2019

VOLDA TUNNEL - SAMFERDSELSPAKKE

Ordføreren si tilråding:

- Volda kommunestyre syner til vedteken reguleringsplan for E39 Volda-Furene og at E39 Voldatunnelen, Volda-Furene ligg inne i vedteken NTP (Nasjonal transportplan 2018-2029). Kommunestyret syner vidare til at prosjektet har sterk tilslutnad frå m.a. fylket og nabokommunane som eit prioritert regionalt prosjekt.*
- Volda kommunestyre viser vidare til at Ørsta kommunestyre ikkje vil delta i ein sams samferdselspakke der bomfinansiering av Volda-tunnelen er basis.*
 - Volda kommunestyre går difor inn for at E39 Volda-Furene (Voldatunnelen) vert delvis bompengefinansiert og gjennomført som eit frittståande prosjekt i samsvar med godkjend reguleringsplan av 31.05.2018.*
 - Volda kommunestyre ber Statens vegvesen utarbeide ein konkret bompengesøknad for E39 Voldatunnelen med endra styringsmål, og legge den fram for politisk handsaming snarast.*
 - Volda kommunestyre føreset at lokal del av finansieringa skjer gjennom etterskotsinnkreving. Bomplassering vert fastsett ved handsaming av bompengesøknaden.*
 - Volda kommunestyre prioriterer og fremmar E39 Voldatunnelen som si og regionen si viktigaste utfordring ved revisjonen av Nasjonal Transportplan 2022-2033.*

Vedleggsliste:

- Notat Statens Vegvesen d.s. 26.10.2018 vedkomande E39 Volda – Furene – ekspertgruppe.
- Notat Statens Vegvesen d.s. 14.01.2019 vedkomande W39 Volda – Furene – vidare arbeid etter ekspertgruppe.

Saksopplysningar/fakta:

Eg vil vise til kommunestyret sitt vedtak i sak PS 107/18 der det primære alternativet er ein sams samferdselspakke med Ørsta kommune og forhandsinnkrevjing av bompengar. Kommunestyret i Ørsta har vedteke ikkje å delta i ein slik sams pakke, sjå vedlegg. Dette gjer at vårt primæralternativ ikkje er gjennomførbart.

Ørsta kommunestyre, i lag med dei andre kommunane i regionen og næringsorganisasjonar, har også bedt om at tunnelen blir finansiert med etterskotbetaling av bompengar og at bom mot Ørsta og flyplassen ikkje blir realisert. Dette blei spesielt framheva på møte som fleire næringsorganisasjonar skipa til på Volda turisthotell 21.3. Dei har bedd om at Volda kommunestyre tek opp saka på nytt. Prosedyren for innspel til rullering av samferdselsplanen er endra til 10. mai. Volda kommune har kommunestyremøte førstkomande torsdag og så neste først 23. mai.

Vegvesenet har sendt vedtaket vårt til direktoratet for å få ei vurdering av om det er realiserbart, men endå ikkje fått svar. Dette kan tyde på at også vårt sekundære vedtak «Voldapakken» kan vere problematisk, spesielt med bom mot Ørsta. For å kunne få god finansiering av nødvendige tiltak i Volda sentrum etter at E39 er lagt om, til gang – og sykkelveggar og kollektivtiltak meiner eg at vi bør halde på vårt sekundærforslag, men tilpassa, sjå forslag til vedtak.

Samstundes er det sterke politiske krefter i regionen som arbeider for at Voldatunnelen skal byggast som eit «reint» prosjekt utan tilleggspakke og med etterskots betaling av bompengar. Kommunestyret bør gi signal om dette er akseptabelt under visse vilkår.

I notat datert 26.10.2018 frå Statens vegvesen til ekspertgruppe som skal vurdere korleis kostnader for tunnelen kan reduserast er det vist til at ei intern gruppe meiner at tunnelen kan byggast etter gjeldande reguleringsplan og med eitt løp i denne omgang for 1048 mill. kr. Vi har ikkje fått tilgjenge til ekspertgruppa si vurdering, men i notat datert 14.01.2019 viser Vegdirektoratet til at det vil vere mogleg å legge fram eit «nytt planforslag med kostnad innanfor styringsmålet». Vidare:

For at kuttene skal være gjennomførbare i praksis, må en ny reguleringsplan godkjennes av kommunen og regionale myndigheter. Noen av de foreslåtte kuttene vil kunne være kontroversielle, og regionen må derfor forankre både kuttbehovet og de nye planløsningene godt.

På bakgrunn av behovet for lokal og regional forankring av arbeidet med kostnadskutt, ber vi regionen vurdere om det kan være hensiktsmessig å varsle oppstart av reguleringsendring

på et tidlig tidspunkt og involvere både kommunen og regionale myndigheter i det videre arbeidet.

Dette vil i tilfelle innebere at gjeldande reguleringsplan blir forkasta og at ny plan skal utarbeidast. Dette vil ha store effektar for Volda og for tunnelbygginga.

Eit viktig forhold er at utarbeiding av ny reguleringsplan vil ta tid, truleg minst 2 til 3 år og som sannsynleg gjer at bygging av tunnelen blir utsett i tid.

Volda kommune har i mange år brukt vesentleg med tid og ressursar på kommunedelplanen og reguleringsplanen for Voldatunnelen. Volda kommune og partane har også innretta seg

etter den vedtekne reguleringsplanen og det vil vere svært skadeleg både for lokalsamfunnet og prosjektet om ein no skal til med ein prosess for evt. å endre gjeldande plan.

Minst like viktig er at for å få ned kostnadene må truleg planen for rundkøyninga endrast dramatisk og truleg med langt dårlegare vilkår for mjuke trafikkantar. Dette er ytterst problematisk sett i forhold til den pågåande utbygginga av studentbustadar, nytt mediebygg, Campus Arena, planar om utbygging på Kiwi-området m.m.



Statens vegvesen

Notat

Til: 4 Postmottak Region midt
Fra: Planlegging og grunnerverv
Kopi:

Saksbehandler/telefon:
Kristian Hole Fløtre / 92235746
Vår dato: 14.01.2019
Vår referanse: 18/232704-5

E39 Volda–Furene – videre arbeid etter ekspertgruppe

Vegdirektoratet viser til rapport fra ekstern ekspertgruppe og Region midts anbefalinger for videre arbeid i notat av 14.12.2018.

Vegdirektoratet ser positivt på at regionen vil opprette en regional kostnadsgruppe, og at regionen selv mener at det skal være mulig å legge frem et nytt planforslag med kostnad innenfor styringsmålet.

For at kuttene skal være gjennomførbare i praksis, må en ny reguleringsplan godkjennes av kommunen og regionale myndigheter. Noen av de foreslåtte kuttene vil kunne være kontroversielle, og regionen må derfor forankre både kuttbehovet og de nye planløsningene godt.

På bakgrunn av behovet for lokal og regional forankring av arbeidet med kostnadskutt, ber vi regionen vurdere om det kan være hensiktsmessig å varsle oppstart av reguleringsendring på et tidlig tidspunkt og involvere både kommunen og regionale myndigheter i det videre arbeidet.

Når det gjelder de ulike kuttforslagene i rapporten fra ekspertgruppen, er det ikke gjort grundige vurderinger knyttet til tunnellengde. Vi legger likevel til grunn at regionen vil se nærmere på dette som en del av det videre arbeidet, og at det her er et potensial for innsparing. Kuttene må for øvrig vurderes opp mot prosjektets måloppnåelse.

Med utgangspunkt i dette imøteser Vegdirektoratet reviderte styringsdokumenter for kvalitetssikring, og ser frem til å motta nytt Anslag til kvalitetssikring før revidert reguleringsplan sendes på høring.

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 6706 Etterstad
0609 OSLO

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Statens vegvesen

Notat

Til:	4 Postmottak Region midt	Saksbehandler/telefon:	
Fra:	Planlegging og grunnerverv	Kristian Hole Fløtre / 92235746	
Kopi:	1 Postmottak Region øst	Vår dato:	26.10.2018
	Astrid Fortun	Vår referanse:	18/232704-1
	Claus K Larsen		
	Roald Aabøe		

E39 Volda–Furene – ekspertgruppe

Bakgrunn

E39 Volda–Furene har styringsmål på 900 mill.2017–kr. Ved utarbeiding av reguleringsplan ble det gjennomført anslag som viser kostnad på 1142 mill.kr.

En intern ekspertgruppe har gjennomgått prosjektet for å identifisere mulige kutt, men har ikke klart å få prosjektkostnadene ned til styringsmålet. Etter kutt er prosjektkostnaden anslått til 1048 mill.kr.

Vi vurderer gruppens arbeid som for avgrenset, og at noen av kuttforslagene i realiteten bare er utsettelse til senere byggetrinn. På denne bakgrunn ber vi om at en ekspertgruppe fra Region øst går gjennom prosjektet for å komme med forslag til kostnadsreduksjon.

Mandat for oppdraget

Utgangspunktet for oppdraget er blant annet gitt i brev fra Samferdselsdepartementet datert 17. august 2017 og i notat fra Vegdirektoratet datert 09.10.2017: «*Formålet med ekspertgrupper vil være, i løpet av noen få uker, å kunne komme med forslag til endringer som kan føre til at et prosjekt styres tilbake mot prosjektets opprinnelige rammer og omfang. Forslaget sendes til prosjekteier med kopi til Vegdirektoratet.*»

Ekspertgruppas oppdrag vil være å foreslå tiltak/endringer som kan redusere kostnadene i prosjektet, samt synliggjøre konsekvensene av tiltak/endringer på overordnet nivå. Spesielt gjelder dette konsekvenser for samfunns- og effektmål.

Ekspertgruppen i Region øst bes foreslå kutt på E39 Volda–Furene. Samfunnsmål og effektmål må opprettholdes i størst mulig grad. Konsekvenser av kuttene må synliggjøres i form av kostnader, fremdrift, kvalitet og/eller andre reduserte effekter.

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 6706 Etterstad
0609 OSLO

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det tas utgangspunkt i forslag til reguleringsplan med tilhørende underrapporter og prosjektets Anslag. Følgende elementer bør minst inngå:

- Grov gjennomgang av prosjektets kostnadsoverslag
- Vurdering av valgt vegstandard
- Vurdering av de viktigste kostnadsdriverne; herunder lengde på tunell og portaler, og to tunnellop vs. ren rømningstunnel når ÅDT passerer 8000.

Region midt dekker østs bistand. Øst internfakturerer, og avtaler med midt hvilket ansvarsnummer og prosjektnummer timene skal internfaktureres til. Så vidt vi kjenner rutinene må øst opprette et eget prosjektnummer for timeføring.

Dette er et hasteoppdrag og utføres i november. Nærmere frist avtales mellom region midt og region øst. Bemanning besluttet ut fra prosjektets egenskaper og avtales med midt. Vi tenker oss at det ikke er nødvendig med en større gruppe enn 4–5 personer.

Ekspertgruppens vurdering går til region midt med en frist regionene avtaler seg imellom. VD ved Planlegging og grunnerverv og Prosjekt og kontrakt skal ha kopi. Region midt har gjort en del vurderinger allerede. Region midt sender så sin anbefaling mht. endringer i prosjektet til Vegdirektoratet ved Vegavdelingen, Planlegging og grunnerverv og Prosjekt og kontraktseksjonen, med kopi til Astrid Fortun på SoS.

Forslag til kostnadsreducerende tiltak/endringer bør grupperes:

- Tiltak/endringer innenfor forslag til reguleringsplan som ikke krever nytt offentlig ettersyn
- Tiltak/endringer som eventuelt vil medføre ny høringsprosess

Region Midt har frist til 16.12.2018 på oversendelse av anbefaling til Vegdirektoratet ved Planlegging og grunnerverv.

Alle dokumenter journalføres i MIME 18/232704.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2019/655

Arkivkode: 239

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/19	Kommunestyret	28.03.2019
45/19	Formannskapet	28.03.2019

UTSKRIVING AV SÆRSKILT SKATTEGRUNNLAG GRUNNA LOVENDRING I EIGEDOMSSKATTELOVA

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal vere med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og verte rekna som næringsseigedom frå 2019.

Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 vere redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første pkt.). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget vert satt til 2 promille.

Vedleggsliste:

Utklipp frå eigedomsskattelova med overgangsregel

Saksopplysningar/fakta:

I desember 2017 vart det gjort endringar i eigedomsskattelova reglar om verk og bruk. Dei nye reglane går ut på at de tidlegare såkalla verk og bruk skal frå 2019 verte definert og takserast som andre næringsseigedomar. Skatteobjekta i 2019 vil i hovudsak bestå av bygningar og grunneigedom. Kommunane si moglegheit til å skattlegge produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar er fjerna frå 2019.

Det er vedteke ein overgangsregel til eigedomsskattelova § 4 som gir kommunane høve til å vidareføre skattlegging av verdien av produksjonsutstyr og -installasjonar i åra til og med 2024, men da med ein reduksjon i skattegrunnlaget på 1/7 kvart år rekna frå 2019.

Vurdering og konklusjon:

I samband med budsjetthandsaminga i kommunestyret for 2019 vart det vedteke 13.12.2018 å vidareføre eigedomsskatt for all fast eigedom i heile kommunen for i år, jf eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a. I samband med dette burde ha vore med eit punkt å skrive ut eit særskilt skattegrunnlag som følgje av lovendringa om verk og bruk. Dette vedtaket som vert foreslått no er difor som ei presisering og tydeleggjering av tidlegare vedtak om eigedomsskatt for 2019.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Grunna lovendringa der det ikkje er mogleg å skatlegge produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar vil Volda kommune få eit tap på totalt ca kr 460 000,- i eigedomsskatteinntekter. Sidan dette skal skje ved ein gradvis nedjustering fordelt på sju år vil tapet vere på ein sjuande del av totalen, altså ca **kr 65 000,- i 2019**. For 2020 vil da inntektstapet vere det to sjuande deler, ca kr 130 000 kr. Slik vil det altså halde fram til om med 2025 med ein gradvis auke i tap av inntekt.

Staten har uttalt at kommunane skal få kompensert for desse inntektstapa som følgje av lovendringa.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjørgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Eigedomsskattekontoret



Lov om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova)

Dato	LOV-2017-12-19-118
Departement	Finansdepartementet
Sist endret	LOV-2018-06-22-75 fra 01.01.2019
Ikrafttredelse	19.12.2017 med virkning fra skatteåret 2019
Endrer	LOV-1975-06-06-29
Kunngjort	19.12.2017
Korttittel	Endringslov til eigedomsskattelova

Kapitteloversikt:

I

II

I

I lov 6. juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) gjøres følgende endringer: ---

Overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4:

Kommunar som i skatteåret 2018 skreiv ut eigedomsskatt på verk og bruk kan frå og med skatteåret 2019 til og med skatteåret 2024 i staden for eller i tillegg til utskriving etter § 3 skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Dette særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik seks sjudelar av differansen, og reduserast med ein sjudel kvart påfølgjande år. Skattesatsen ved slik avtrappa utskriving kan ikkje vere høgare enn den som blei nytta for dei same eigedomane for skatteåret 2018.

Kommunar som ikkje skriv ut eigedomsskatt på nærings eigedom etter § 3, men som i skatteåret 2018 skreiv ut eigedomsskatt på verk og bruk, kan i perioden nemnd i første ledd første punktum skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i skatteåret 2018.

0 Endret ved lov 22-juni 2018 nr. 75 (med virkning fra og med skatteåret 2019).

II

Endringene under I trer i kraft straks med virkning fra og med skatteåret 2019.